



OSELVARKLUBBEN

Bergen 15. mars 2022

Å R S M Ø T E 2022

27. mars 2022

Ordinært årsmøte 2022 i Oselvarklubben søndag 27. mars, kl. 17.30, i kafe'en på Hordamuseet.

Innkalling til årsmøtet ble utsendt til Oselvarklubbens medlemmer den 25. februar 2022. Medlemmer med kjent epostadresse fikk innkallelsen tilsendt på epost, mens øvrige medlemmer fikk den tilsendt i vanlig postgang. Innkallingen er gjengitt i **Vedlegg 1, side 4**, i dette dokument.

Denne oversikten over dagsorden og saksliste for årsmøtet, med eventuelt vedlagte saksdokumenter, er lagt ut på internett. Samtlige årsmøtedokument vil på årsmøtet også være tilgjengelig i papirformat for alle årsmøtedeltagerne.

Dagsorden med saksliste:

- A) Godkjenne fremmøtte medlemmer
- B) Godkjenne innkalling til årsmøtet
- C) Saksliste (ifølge § 6 i Lover for Oselvarklubben):

1. Årsberetninger

1.1 Årsberetning 2019

1.2 Årsberetning 2020

1.3 Årsberetning 2021

2. Årsregnskap

2.1 Årsregnskap 2019 (behandles under sak 1.1)

2.2 Årsregnskap 2020 (behandles under sak 1.2)

2.3 Årsregnskap 2021 (behandles under sak 1.3)

3. Eventuelle endringer av tekniske vedtekter:

Klasseregler for seilbåter av oselvartypen.

Ingen innkomne saker til behandling.

4. Innkomne forslag

4.1 Saker fra styret i Oselvarklubben.

4.1.1 Endring i Lover for Oselvarklubben.

I Lover for Oselvarklubben, under § 6. ÅRSMØTET, lyder første setning som følger:

« Årsmøtet holdes minst en gang årlig, innen utgangen av februar, og skal innkalles med minst 2 ukers varsel. »

Styret foreslår at denne setningen endres til:

« Årsmøtet holdes minst en gang årlig, innen utgangen av **mars**, og skal innkalles med minst 2 ukers varsel. »

Begrunnelse:

I Norges Idrettsforbund sin mal for lover for idrettslag fremgår det at årsmøte skal avholdes innen utgangen av mars måned. Denne frist gjelder også for særforbund og kretser.

Dette gir idrettslag, forbund og kretser, rimelig tid til å varsle om kommende årsmøte, samt å utarbeide årsberetning og årsregnskap i forkant av årsmøtet.

Oselvarklubben er nasjonal klasseklubb under NSF. Frist for avholdelse av årsmøtet bør derfor synkroniseres med det øvrige idrettsnorge.

4.1.2 Medlemskontingent holdes uendret.

Kontingent for 2022: Båteiere kr. 250, ikke båteiere kr. 200.

4.1.3 Oselvarklubben – hjemmeside på internett.

Oppfølging av behandling på årsmøte for 2018.

I denne sammenheng er det naturlig at **Kjell Magnus Økland** orienterer om nettstedet **Kystkultur.no**, hvor Oselvarklubben eventuelt kan få opprettet egen hjemmeside.

4.1.4 Arkiv for Oselvarklubbens materiale.

Leder Finn Totland og sekretær Kjell Magnus Økland redegjør for status.

4.1.5 Orientering om oselvar arrangement for året 2022 og NM 2023 og 2024.

Milde Båtlag, **Sommerregatta**, Oselvar, 18. – 19. juni, Puddefjorden. Inngår i **Bergen Seilfestival** på Byfjorden i regi av Vestland Seilkrets. Innlagt KM for 15 kvm Oselvar, **klasse E**.

Båtlaget Njord/Tysnes, **Sommerregatta**, Tysnes, 2. – 3. august. Innlagt KM for 10 kvm Oselvar, **klasse K**.

Bergens Seilforening, NM Oselvar Spriseil, 13. – 14. aug., Raunefjorden

Milde Båtlag, Oselvartrim VÅR og HØST, mandager kl. 18:45, mai – juni, aug. – sept.

Båtlaget Njord/Tysnes, NM Oselvar Spriseil 2023, 12. – 13. aug. på Tysnes.

Milde Båtlag, NM Oselvar Spriseil 2024. Oselvarklubben har søkt MB om å stå som arrangør av NM Oselvar i august 2024, eventuelt med bistand fra andre seilforeninger. Passer fint med 50 år siden navneskiftet fra BHSS til Oselvarklubben.

4.2 Saker fra medlemmer

4.2.1 «Ei heilskapleg satsing på Oselvaren»

Saksforslag innsendt av Lars Grøteide:

Sendt via epost til Oselvarklubben 02.02.2022.

Forslag om etablering av en stiftelse «Stiftinga 100 år til, alltid» og «Aktiv med Oselvar».

Innsendt forslagsskriv på 3 sider, samt prosjektskisse (16 sider) for «Ei heilskapleg satsing på Oselvaren»,
er å finne som **Vedlegg 2** i dette dokument (se **side 8** og utover).

Oselvarklubbens styre foreslår følgende vedtak:

« Styret er positiv til forslaget med formål å få økt satsning på bruk av Oselvaren. Styret foreslår at årsmøtet i Oselvarklubben setter av kr 5 000,- på budsjettet for 2022 som støtte til prosjektet.

Oselvarklubben har også til hensikt å bidra med representant i den nevnte arbeidsgruppen og senere som styremedlem.

Forutsetning for utbetaling av støtten er at prosjektet også får innvilget støtte fra Vestland fylkeskommune og eventuelt andre offentlige organer på lokalt, nasjonalt og internasjonalt nivå.

Før utbetaling kan skje vil det også være nødvendig at Oselvarklubben får fremlagt, fra et opprettet interimstyre,

- en skisse til organisasjonsoppbygning (stiftelse e.l),
 - skisse til vedtekter og formål,
 - skisse til budsjett for organisering av den opprettede organisasjonen »
-

Et interimstyre for prosjektet/stiftelsen bør ha med representanter fra Båtlaget Njord/Tysnes, Milde Båtlag, Oselvarverkstaden, Oselvarlaget og Oselvarklubben. Gjerne også representanter fra andre lokale seilforeninger med tilknytning til oselvarseilingen.

5. Valg

Forslag til verv i Oselvarklubben 2022

Styret:

Leder:	Finn Totland
Nestleder:	Kristian Holst
Sekretær:	Kjell Magnus Økland
Kasserer:	Kjell Milde
Styremedlem:	Svein Økland
Styremedlem:	Kjell Totland
Varamedlem:	Stein Olav Drange

Revisor: Egil T. Pedersen

Målekomite:

Kjell Totland
Finn Totland
Terje van der Meeren
Stein Olav Drange
Svein Økland

Styret

Oselvarklubben

Årsmøte 2022, søndag 27. mars 2022

VEDLEGG 1

Oselvarklubben

Innkalling til årsmøtet ble utsendt til Oselvarklubbens medlemmer den 25. februar 2022.

Se innkallingen på de **3 neste sidene**.



Innkalling til årsmøte for 2019, 2020 og 2021

Styret i Oselvarklubben innkaller herved til ordinært **årsmøte** for årene 2019, 2020 og 2021.

Søndag 27. mars 2022 kl. 17.30 på Hordamuseet.

Årsmøtet holdes i **kafeen** i Hordamuseet. Se kart på siste side.

Når de siste ett og trekvart års nasjonale og lokale Covid-19 smittevern tiltak nå endelig er fjernet, kan Oselvarklubben på sitt kommende årsmøte i 2022 endelig få behandlet Oselvarklubbens årsberetning og regnskap for årene 2019, 2020 og 2021.

Dagsorden:

- A) Godkjenne fremmøtte medlemmer
- B) Godkjenne innkalling til årsmøtet
- C) Saksliste (i følge § 6 i Lover for Oselvarklubben):
 - 1. **Årsberetning(er)** (2019, 2020, 2021)
 - 2. **Årsregnskap** (2019, 2020, 2021).
 - 3. **Forslag om endringer i klassevedtektene.**
 - 4. **Innkomne forslag**, som ikke gjelder tekniske vedtekter.
 - 5. **Valg**

Medlemmer i Oselvarklubben kan sende inn forslag til saker som de ønsker behandlet på årsmøtet. Kun båteiere, som er medlem, kan sende inn saker som vedrører klassevedtektene og som gjelder de oselvarklasser hvor deres båt måler inn.

Frist for innsendelse av saker, som ønskes behandlet på årsmøtet, enten under pkt. 3 eller under pkt. 4., er følgende:

Klasseregel saker (under pkt. 3) må være innsendt til styret senest **tirsdag 8. mars 2022**, enten via vanlig postgang eller via epost (se epost- og postadresse på neste side).

Andre saker (under pkt. 4) må være innsendt til styret senest **fredag 11. mars 2022**.

Denne **innkallingen til årsmøte** for Oselvarklubben sendes via epost til dem av Oselvarklubbens medlemmer som er registrert med aktiv epostadresse. Øvrige medlemmer får innkallelsen tilsendt via vanlig postgang.

Har du aktiv epost-adresse, som ikke er registrert hos Oselvarklubben? Vær da vennlig å opplyse om denne, ved å sende e-post til Oselvarklubbens leder (se epost mottaksadresse nedenfor).

Endelig saksliste, med saksdokumenter, vil bli publisert på nett senest 15. mars 2022.

Oselvarklubben på nett finner du her:

Gå til Milde Båtlag sin hjemmeside www.mildebatlag.org . Rull ned til bunnen av siden og klikk på **Oselvar service** i menyen nede til høyre.

Du kommer nå til **OSELVARKLUBBEN**.

I menyen til venstre, under Organisasjon : Klikk på **Årsmøte** . Da kommer du til Oselvarklubbens Årsmøte.

Fra denne OSELVARKLUBBEN-siden kan også de relevante årsberetninger og regnskap for årene 2019, 2020 og 2021 lastes ned, eller skrives ut. Andre aktuelle saksdokumenter vil også etter hvert bli tilgjengelig her.

Papirutgave av aktuelle årsberetninger og saksdokumenter, vil imidlertid også bli tilgjengelige på årsmøtet for årsmøtedeltagerne.

Medlemmer som ikke har anledning til å delta på årsmøtet, og som ikke har tilgang til datamaskin eller internett, kan imidlertid henvende seg til styremedlem, Kjell Totland, tlf. 480 06 962, for å få tilsendt Oselvarklubbens årsberetninger i vanlig postgang.

Vel møtt til ordinært årsmøte 2022 i Oselvarklubben.

Med hilsen

Finn Totland
leder (sign)

OSELVARKLUBBEN

Leder Finn Totland, Edv. Griegsvei 12, 5059 Bergen


Mobil: **938 92 273** – E-post: finntotland963@gmail.com

Enkel servering

Hordamuseet besørger enkel servering av kaffe og lefser under årsmøtet.

Oselvarklubben spanderer serveringen, men vi må vite hvor mange som kommer.

Send derfor melding til Finn Totland via SMS eller e-post, helst innen mandag 21. mars.



Adkomst til Hordamuseet.

Kjør til rundkjøringen på Stend og følg Hordnesvegen helt ned til Melkeviken og rundt til Hordamuseet.

Parker på parkeringsplass markert med blå **P**.

Gå opp til Hordamuseets hovedbygg hvor inngang er markert med blå pil.

Kafeen er opp en trapp i forhold til inngangsdør.

Oselvarklubben

Årsmøte 2022, søndag 27. mars 2022

VEDLEGG 2

Sak 4.2.1 «Ei heilskapleg satsing på Oselvaren»

Saksforslag innsendt av Lars Grøteide:

Sendt via epost til Oselvarklubben 02.02.2022.

Forslag om etablering av en stiftelse «Stiftinga 100 år til, alltid» og «Aktiv med Oselvar».

Innsendt forslagsskriv (3 sider), samt prosjektskisse for «Ei heilskapleg satsing på Oselvaren» (16 sider), er å finne fra **neste side** og 18 sider utover.

SE NESTE SIDE

Lars Grøteide
Kyrkjevegen 8
6809 FØRDE

Førde, 02.02.22

Oselvarklubben
v/ Finn Totland
Edvard Griegsvei 12

5059 Bergen

Forslag til Oselvarklubben sitt årsmøte 2022

Innleiing

Som andre er eg uroa over utviklinga i bruken av oselvaren, både som regattabåt, bruksbåt og til fritidsbruk. Også i Oselvarboka utgjeven av Oselvarklubben, kjem det fram at tendensen til redusert bruk er klår. I boka vert det også lufta tankar om vegen vidare med tanke på bruken av oselvaren. Dette forslaget er, håpar eg, starten på ei ytterlegare konkretisering av tankar og idear kring vidare bruk av oselvaren.

Bakgrunn

Historia til oselvaren er lang og unik. Det eg opplever som mest unikt i høve mange andre båttypar, er at bruken av båten har ei samanhengande tidslinje utan brot. Overgangen frå bruksbåt til fritidsbåt skjedde gradvis og var overlappende. Kunnskap og ferdigheiter vart overført frå bruk til fritid og utvikla seg i samsvar med samfunnsutviklinga. Ein føresetnad for dette, særleg dei siste 60 åra, er ein umåteleg stor friviljug innsats frå ein rekke eldsjeler. Eg og mange med meg er umåteleg takksam for denne innsatsen. Eg skriv dette fordi det er viktig for meg å poengtera at dette forslaget på ingen måte er kritikk mot nokon eller noko som er gjort tidlegare. Mitt forslag er kun basert på at eg har eit sterkt ynskje om at bruken av oselvaren held fram. Samstundes syner tendensen dei siste tiåra at det er behov for nye satsingar.

Vegen vidare

Eg trur og at nye satsingar kan bidra til auka bruk av oselvaren både i tal brukarar og i geografisk omfang. Eg trur berre og rett og slett at tida og samfunnsutviklinga gjer at vi må ta nye steg og setje i nye meir omfattande tiltak om vi skal klare å halde bruken av oselvaren ved hevd.

Ei heilskapleg satsing på oselvaren

Om oselvaren skal overleva framtida meiner eg det er tre føresetnadar som må vera på plass:

- Byggetradisjonen må i sin heilskap takast vare på og utviklast
- Bruken av båten må ivaretakast og aukast
- Omsetnaden av nye og eksisterande oselvarar på aukast

Oselvarverkstaden er etablert og sikrar kunnskapen om handverket. Ved etablering av «Stiftinga 100 år til, alltid» og «Aktiv med Oselvar» dekker ein også dei to andre områda som er nemnd. (sjå vedlegg)

Forslaget mitt er å starte arbeidet med å etablere satsingar som og dekker dei to andre områda, ut over det Oselvarverkstaden i dag tilbyr.

Dette kan synleggjeraast slik:



Framdriftsplan:

Skissa under syner planen for etableringa av desse satsingane:

[illegible]

Forslag til Oselvarklubben sitt komande årsmøte 2022:

- Oselvarklubben er positiv til ei auka satsing på bruken av oselvaren
- Årsmøtet set av kr 20 000.- i budsjett 2022, som Oselvarklubben sitt bidrag til å etablere satsingane. Dette kan til dømes nyttast til å etablere eit ikkje-kommersielt aksjeselskap eller anna organisasjonsform som ein finn tenleg
- Styret i Oselvarklubben får til oppgåve å finne ein representant til ei arbeidsgruppe som vert etablert i løpet av våren. Arbeidsgruppa skal i lag med initiativtakar (Lars Grøteide) sikre framdrift med det mål å realisere satsingane.
- Når no Oselvarklubben deltek i etableringa av slike satsingar er det å vente at klubben får eit medlem i styret/styra som vert oppretta. Styret får mandat til å finne ein person til eit slikt verv ved etablering. Når drifta er etablert er det årsmøtet i Oselvarklubben som skal velje representanten inn i dette arbeidet.

Tilsvarande forslag vil verte levert til Austevoll seilforening, Båtlaget Njord/Tysnes, Milde Båtlag, Oselvarverkstaden og Vestland seilkrets m.fl.

Siglarhelsing

Lars Grøteide

sign.

Vedlegg:

Prosjektskisse.

(Dette er ikkje eit fullstendig dokument, men forklarar ideane.)



Ei heilskapleg satsing på Oselvaren

Prosjektskisse

EI HEILSKAPLEG SATSING
PÅ BYGGING, OMSETNAD,
FORMIDLING OG BRUK AV
OSELVAREN

Desember 2021

Lars Grøteide

Innleiing

UBROTNE TRADISJONAR

Utviklinga og bruken av oselvaren strekker seg mange tusen år attende i tid. Den er ein del av vår identitet, vår kvardag og vår kulturarv.

Til no, er desse linene gjennom tida ubrotne. Tradisjonane lever vidare utan at båten på noko tid har gått ut av bruk. Det gjer oselvaren unik.

All kunnskapen om både bruk og bygging har vorte vidareført frå generasjon til generasjon. La oss halde fram med det.

Dette har bidrege til at oselvaren er:

- Kåra til Noreg sin nasjonalbåt
- Tildelt statusen «Best Safeguarding Practices» av Unesco
- Samt at heile klinkbyggertradisjonen i Norden er teke inn på Unesco si liste over menneska si immaterielle kulturarv.

Oselvarar til start under Krinsmeisterskapen i K-klassen på Tysnes sumaren 2000.

I dette ligg det eit stort ansvar og eit stort potensiale.

- Ansvaret ligg i å sikre at kunnskapen om bruk og bygging vert sikra vidareført
- Potensialet ligg i å auke bruken og kunnskapen om oselvaren gjennom ei omfattande satsing som dette.

Byggetradisjonen er sikra ved Oselvarverkstaden. Det som står att er å etablere ei heilskapleg satsing på oselvaren der bruken og omsetnaden av båten også vert satsa på. Utan bruk, ingen marknad og utan marknad ingen bygging.


Desse satsingane har akkurat det som hovudmål:

Å sikre ei varig vidareføring av dei ubrotne tradisjonane knytt til bruken av oselvaren.

Dette vil, saman med Oselvarverkstaden si satsing på byggetradisjonen, skape ei heilskapleg satsing på alle tradisjonane knytt til Noreg sin nasjonalbåt og bidra til å styrkje og sikre oppretthalde statusen «Best Safeguarding Practice»



Foto: Lars Grøteide



Tre Generasjonar

Tre generasjonar frå Grøteide- slekta på Tysnes har vore ute og sett garn. Dette syner at kunnskap gjennom bruk framleis vart vidareført gjennom generasjonar helt fram til midt på 70- talet.

Bestefar-Lars sit på bakerste tofta, medan Vetle-Lars'n stikk hovudet fram bak Far-Arne. Han kveilar fangelina for å hive den over i snekka til sin bror Ole.

Fotoet er teke av Kjell Sjursen som var om bord i snekka. Det var nok godt å få slep heim av meir moderne teknologi.

Innhald

Innleiing	2
Tre Generasjonar	3
Ei kort presentasjon av tiltaka	5
Kvifor treng me ei slik satsing?	6
Er ei slik satsing realistisk?	7
Fysisk aktivitet, kulturarv og miljø hand i hand	7
Ung til ung formidling,	8
ein stad å få arbeidserfaring	8
Visjonar	9
Målsettingar	9
Meir om «Aktiv med oselvar»	10
Meir om organisasjonen «100 år til, alltid»	12
Meir om Oselvarverkstaden	13
Meir om formidling og informasjon	13
Litt om organisering	14
Namn: Kjært barn har mange namn	15
Litt om økonomi	15

Ei kort presentasjon av tiltaka

Om oselvaren skal overleva framtida må det satsast på organiserte tiltak for:

- Å halde ved like og auke bruken og kunnskapen om oselvaren
- Å auke omsetnaden av nye og eksisterande oselvarar
- Å formidle heile historia til oselvaren, lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonale på både kjente og nye måtar.

I søknaden som var grunnlaget for statusen «Best Safeguarding Practices» vart det lagt vekt på heilskapen i utviklinga og bruk av båten. Dette vart då også speila i Unesco sitt vedtak der det i innleiinga mellom anna heiter: «*Norge har foreslått Oselvar – båt – å omforme en tradisjonell læringsprosess for bygging og bruk til en moderne kontekst*»

Eit vedtak frå Unesco forpliktar og ved å etablera ei aktiv satsing på omsetnad og bruk av oselvaren vil vi fullføre det som er omtala i både søknaden og vedtaket til Unesco.

Denne modellen syner korleis dette kan gjerast:



Formidling

God og omfattande formidling er ein føresetnad for å lukkast med satsingar som dette. Dette gjeld både marknadsføring av organisasjon, tilbod og aktivitet. Eit anna viktig arbeid er innsamling og dokumentasjon av eksisterande kunnskap og data. Det må systemiserast, arkiverast og publiserast. Dette er ei oppgåve som er felles for alle einingane i satsinga.

Kvifor treng me ei slik satsing?

Boka *Oselvar- den levande båten* har skapt blest om oselvaren, men set og fokus på utfordringane for bruken av oselvaren vidare. Tendensen er klår: Bruken av oselvaren går ned. Oselvaren vert ikkje lengre nytta som bruksbåt. Dei siste 100-150 åra har bruken endra seg til å handle om fritidsbruk. Det har vore ro-tevlingar, konkurransesigling og anna fritidsbruk. No er også denne bruken truga.

Det var frivilligheita som berga oselvaren. Mange frivillige har stått på og gjort ein enorm innsats for å halde oppe aktivitetar. Men desse eldsjelene vert både færre og eldre, utan at nye kjem til. Forsking syner at dugnadstradisjonar er i endring. Det vert færre eldsjeler som over tid tek på seg stort ansvar, nyttar tid og ressursar på den store interessa dei har. Det er nok mange som ynskjer å ta eit tak på frivillig basis, men det er prega av tidsavgrensa engasjement, gjerne tilrettelagt av andre. Slik innsats er ofte avgrensa i tid og er knytt til familiemedlemmer sine interesser.

Dette bidrar til at det veks fram eit behov for ei meir profesjonell satsing på aktivitets-skapande tiltak for å oppretthalde bruk og omsetnad av oselvaren i framtida. Vi skal også leggje til rette for, skape og støtte frivillig innsats og dugnad for oselvaren.

Ei profesjonell satsing som dette, skal sjølvsagt også skape meir aktivitet en det ein kan vente av frivillig sektor. Vi skal også ta på oss oppgåver som frivillig sektor i liten grad har gjort til no. Døme på dette er innsamling av både immaterielle og materielle kulturminne knytt til kystkultur og oselvaren konkret.

Punktvis kan vi sei at behovet for desse satsingane kjem av:

- Bruken av oselvaren og i moderne kontekst syner ei negativ utvikling
- Tradisjonane vert i liten eller ingen grad ført vidare frå generasjon til generasjon, og denne formen for kunnskapsoverføring har eller vil forsvinne
- Etter at oselvaren i større og større grad vart nytta til fritidsføremål var det eldsjeler såg til vidareføringa av kunnskapen. Mange av desse har vi alt mista og dei som er att vert eldre. Det er ikkje nokon som tek over
- Tiltaka presentert her vil auke bruken av oselvaren og vert difor å rekne som eit sikringstiltak for å føre vår immaterielle kulturarv vidare
- Bruken av oselvaren har også andre verdiar som er viktig å stette opp om:
 - Bruk av oselvaren til idrett, friluftsliv, reiseliv og generelt fritidsføremål vil vera eit særst godt døme på at vi kan møte naudsynte samfunns- endringar mot behov for auka fysisk aktivitet og «det grønne skiftet.»

Er ei slik satsing realistisk?

Vi meiner at potensialet for interesse og aktivitet er stor. Gjennom mange års innsats for oselvaren opplev vi at mange ynskjer å både eige og delta i bruken av oselvaren. Utfordringa ligg i tilgang på båtar og menneske som formidlar kunnskap og skapar aktivitet organisert slik at aktiviteten vert kontinuerleg.

Vi trur også at oselvaren i seg sjølv, statusen som «Best Safeguarding Practices», Noreg sin nasjonalbåt og at klinkbyggertradisjonen i Norden er teke inn på Unesco si liste over menneska si immaterielle kulturarv skapar eit økonomisk potensiale som gjer ei slik satsing realistisk. Norsk kulturråd ynskjer ei storsatsing på oselvaren. Med økonomisk støtte frå til dømes dei, vert det og lettare å få stønad frå fylkeskommune og kommunar. Interessa for oselvaren kombinert med god formidling opnar og for økonomisk samarbeid med stiftingar og næringsliv.

Det økonomiske omfanget er skissert i vedlagde budsjett. Det er likevel det vidare arbeidet for denne satsinga som vil avgjera omfang og framdrift. Difor er det viktig at Båtlaget Njord/Tysnes og andre stiller seg bak som ein av initiativtakarane.

Det er sjølv sagt ein ny måte å tenkja på, men den bør ikkje vera uprøvd. Oselvartradisjonen er for viktig til at vi kan la den forsvinne utan å prøve.

Fysisk aktivitet, kulturarv og miljø hand i hand

Ei vidare satsing på oselvaren er eit kinderegg. Vi har mange bein å stå på når vi argumenterer for ei satsing som dette:

- Vi skaper fysisk aktivitet
- Vi tar i vare kulturarven vår
- Vi ser til at miljøet vert ivareteke, ved å bruka trebåten vidare

Om vi ser slik på dette har oselvaren noko unikt og attraktivt over seg som kan gjere bruken svært populær, og det gjer oselvaren attraktiv på så mange vis. Fokus på dette kinderegget kan i seg sjølv skape auka interesse for bruk og skape fokus i media. Det kan igjen gje rom for mange økonomiske bidragsytarar både i privat og offentleg sektor.

Oselvaren ein klima- og miljøhit:

Vi veit at plast har lite i naturen å gjera og at produkt av plast er lite berekraftig med tanke på klimaet på jordkloden. Samstundes ser vi eit ungdomsopprør for gode tiltak for å ta vare på jordkloden vår. Det skjer ei bevisstgjeringsprosess hjå dei unge. Det gjer at trebåten og moro på fjorden med trebåt kan bli ein «hit.» Ei satsing på bruk av oselvaren til nytte- og fritidsbruk, innan reiseliv og friluftsliv og til konkurranseroing og -sigling kan verte eit svært godt døme på ei klima- og miljønøytral satsing som og bidreg til å skape spenning, fart og gode opplevingar. Oselvarbruk = «det gode

klimanøytrale liv.» Auka fokus på klima og miljø gjer at talet på målgrupper aukar, særleg med tanke på barn- og ungdom.

Kulturarv

Bruken av og kunnskapen oselvaren er i seg sjølv viktige immaterielle kulturminne som vi meiner det må jobbast aktivt med, både for å ta vare på og auke interessa om desse kulturminna.

Fysisk aktivitet

Alle som har rodd eller sigla ein oselvar veit at dette er fysisk krevjande. Ved auka bruk av oselvaren oppnår ein både meir fysisk aktivitet og ein god måte å ta vare på både den materielle og immaterielle kulturarven vår. Satsinga kan og knytast opp til arbeidet for betre mental helse.

Dette er eit viktig poeng og kan nyttast både til å marknadsføre den samla satsinga på oselvaren og det kan nyttast av Vestland fylkeskommune som eit døme på gode praksisar.

Vi trur og det kan hjelpe satsinga å få ekstern stønad, både fordi det finnes støtteordningar innan både kulturarv og fysisk aktivitet, men og i nokre situasjonar der ein kan vektleggje kombinasjonen av desse to som ein forde. Om ein også ser på bruken av trebåten som eit klima- og miljøtiltak syner det at dette er ei satsing som er vert å setje i verk.

Ung til ung formidling, ein stad å få arbeidserfaring

[Ung til ung-metoden styrkes - forebygging.no](http://ung-til-ung-metoden-styrkes-forebygging.no)

Etter kvart som aktiviteten aukar vil det i høgsesongen vera behov for tidsavgrensa tilsette instruktørarar m.m. Ungdom med bakgrunn frå båtbruk og sigling vil kunne fylle desse oppgåvene. Det gjer dette til ei vinn-vinn sak. Ungdom får ein super sommarjobb som gjev dei både jobberfaring, kompetanse, kunnskap og eit forhold til oselvaren. Dette er i seg sjølv eit rekrutteringstiltak. Vi trur dei unge som får slike oppgåver vert verande i miljøet i lang tid, kanskje heile livet. Ungdom i alderen 18-29 år er ei sær viktig målgruppe fordi det er stor sjanse for at den aktiviteten dei driv med i denne fasen i livet vil dei og drive med vidare og etter kvart vidareføre det til eigne born. Det kan og vere aktuelt å nytte ulike EU-samarbeid

Visjonar

Ein visjon kan definerast som eit bilete av ein framtidig ynskt tilstand, ein slag framtidsdraum. Ein visjon skal visa veg og inspirera til ekstra innsats.

I prosessen så langt har desse visjonane kome til:

Gode opplevingar

Varige minne,
varig kunnskap,
varig interesse og
varig aktivitet

Eit steg lengre

«a million sailors»

1000 oselvarar i bruk

Om ein av desse er aktuelle får tida vise. Vi tenkjer det er viktig å drøfte visjonar med samarbeidspartar og andre som ynskjer å delta. Det skapar eit større eigarskap til ei satsing som dette og ikkje minst kan det bidra til finn enda betre visjonar.

Målsettingar

Denne teksten er meint som døme på visjon og målsettingar. Også desse må jobbast vidare med i prosess med dei som ynskjer å ta del i ei slik satsing.

Målsettingane er meint å vera konkretisering av visjonen og føremålet med å etablera ei heilskapleg satsing på oselvaren.

Hovudmål

Oppretthalde, vidareutvikle og auke interessa for og bruken av oselvaren

Døme på realistiske og målbare mål:

År 1-3:

Rekrutering:

- Halde 8 helgekurs på 6 ulike stadar
- Arrangere 5 siglarveker i løpet av eit år

Konkurransesigling:

- 30 båtar til start på Noregsmeisterskapen, kvart år.
- Årlege krinsmeisterskap i minimum tre klassar, (krev 5 båtar til start)

- Arrangere X regattaer kvart år

Roing: Skape ro-arrangement, tevlingar og ulike kurs i roing og bruk av tradisjonsbåten

Draumemål:

50 båtar til start på eit Noregsmeisterskap

Årlege rotevlingar med minst 10 deltakande båtar. Ein av desse skal skje i Bergen hamn.

Andre mål:

- Oselvaren og Aktiv med Oselvar skal vera godt synleg i tradisjonell medie som aviser, radio og TV og via sosiale medie.
- Aktiv med Oselvar skal vera ein moderne brukar av alle aktuelle sosiale medie.

Meir om «Aktiv med oselvar»

For at ei slik satsing skal kunne etablerast og etter kvart kallast vellukka må aktivitets-skapande tiltak stå i fokus. «Aktiv med Oselvar» skal skape så stor aktivitet som råd, så mange tilbod som mogeleg og med så mange deltakarar som råd.

Det er i røynda berre fantasien som set grenser for kva aktivitetar som kan vurderast. Økonomi, tilgang på båtar og kapasitet vil sjølvsagt setje grenser for kva som kan realiserast, men for å syne kva som kan vera råd å få til, er det viktig å synleggjere idear og forslag til idear. Satsing områder kan vera:

- Tiltak retta inn mot konkurransesigling
- Tiltak retta inn mot friluftsliv og fritidsbruk
- Tiltak retta inn mot reiseliv
- Tiltak retta inn mot samarbeidspartar, bedrifter og organisasjonar elles.

Aktiv med Oselvar skal vera ein motor og pådrivar i bruken av Noreg sin nasjonal båt-oselvaren. Oppgåva er å skape aktivitet med fokus på bruk av oselvaren.

- Dette skal sikre varig bruk av oselvaren
- Det vil bidra til å auke omsetnaden av nye og eldre oselvarar

Mobilitet skal stå i fokus. Tilbod og aktivitetar skal kunne gjennomførast kvar som helst. Der det er aktivitet frå før skal «Aktiv med Oselvar» bidra til auka aktivitet, kvalitet og kontinuitet. På stadar som ikkje har aktivitet, skal vi bidra til etablering av ulike tilbod og deretter bidra med utvikling og stabil drift.

Aktiv med Oselvar skal vera ein profesjonell aktør som skapar frivilligheit, og då frivilligheit tilpassa tendensar i samfunnet.

Det er viktig å presisere at målet med Aktiv med Oselvar er å auke all bruk av oselvaren, både der det i dag er aktiv bruk og på nye stadar kring strendene.

Mange bruksformer

Opprinneleg var oselvaren vestlendingen sin bruksbåt, nytta til alt frå fiske til kyrkjebåt. Noko av det unike med oselvaren er at bruken av båten har endra seg etter kvart som tidene endra seg. Slik har tradisjonane vorte vidareført- uavbrote. Det er særskilt.

Etter kvart som talet på bruksbåtar blei redusert, vart oselvaren i større og større grad nytta i den veksande fritidssektoren. Fyrst kanskje til det ein kalla forlystelse, etter kvart til kapproing og konkurransesigling. I dag vert oselvaren nytta til fritidsbruk, til friluftsliv og i eit aktivt miljø kring konkurransesigling. Det finnes også miljø som har fokus på å ivareta kunnskapen og tradisjonen kring den opprinnelege bruken av båten.

Aktiv med oselvar skal bidra til at alle desse bruksformene vert vidareført.

Til no har bruken av oselvaren i stor grad vore avgrensa til Hordaland. Slik treng det ikkje å vera vidare. Med nokre tilpassingar, god tilgang på båtar i marknaden og ei aktiv og godt organisert satsing kan bruken av oselvaren bli svært populært, både i Hordaland, på Vestlandet og elles i Noreg- ja, kanskje i utlandet med.

Mange bein å stå på:

Det er viktig at Aktiv med Oselvar har mange bein å stå på, både med tanke på samarbeidspartar og aktuelle aktiviteter.

- Bre aktivitetsflate skapar mange brukarar
- Brei aktivitetsflate skapar mange støttespelarar.

Lista under er difor å rekne som idear og døme på tiltak som vi kjenner no. Dei er med for å synleggjera eit stort potensiale.

Siglarveker	Helgekurs for barn	Helgekurs for vaksne	Helgekurs for ungdom(13-15) (16-19)
Kurs for bedrifter/ sponsorar	Oselvarlinje på folkehøgskule	Linje på Vidaregåande skule, oselvarlinje-eliteseilingslinje der oselvar er ein del av tema	Oselvarcup: Som Seilsportligaen e.l. Vi reiser rundt med båtar og arrangerer seilaser der det er interesse, kanskje kombinert med kurs
«Show-seiling»	Delta på festivalar, messer etc	Halde føredrag	Leirskule
Halde teorikurs i seiling, i reglar om konkurransesigling, dommarkurs, arrangørkurs	Bidra til etablering av nye organisasjonar	Turhelger: • For vaksne • Ungdom • Barn	Profesjonell arrangør av regattaer
Arrangere	Oselvar skulecup	Cup i oselvar, retta	Samarbeid mot

treningsleirar		både mot bedrifter og mot private utan båt	sponsorar og andre
Arrangere rotevlingar	Kurs i roing	Organisere roturar	friluftslivkurs med oselvar
Kurs retta direkte mot dei som allereie har ein båt, som står ubrukt grunna manglande kunnskap	Kurs retta mot reiseliv/ turistar	Turar for turistar	Kompetansehevande tiltak, kurs etc. retta mot lag og org.
	Aktivitetar retta mot skular	Oselvarlotteri	Oselvarfestival/ dag

Meir om organisasjonen «100 år til, alltid»

« Organisasjonen 100 år til, alltid» skal eige, formidle og selje oselvarar med det føremål å helde ved hevd og auke bruken av oselvaren.

Bruken av oselvaren er truga. To av årsakene til det er:

- Omsetnaden av brukte og nye båtar er for låg
- Eksisterande båtar er i for liten grad i jamleg bruk

For å vidareføra og auka bruken av oselvaren treng vi nye brukarar av både nye og gamle båtar. Ein måte å gjera det på er å etablere ein organisasjon som har til føremål å auka bruken gjennom omsetnaden av oselvaren.

Organisasjonen kan:

- Disponere båtar til kurs og opplæring
- Disponere båtar til marknadsføring og sal
- Vere ein pådrivar av sal av nye og gamle båtar.

Tanken er at stiftinga sit på kapital til å kjøpe inn både nye og brukte båtar. Nokre av desse båtane kan bli i stiftinga si eige til kurs og opplæring, men hovudoppgåva vert å selje båtar vidare og ved det sikre auka bruk av oselvaren.

Når det gjeld nye båtar kan stiftinga slik auke omsetnaden ved å bli salskanalen til Oselvarverkstaden. Det gjer at dei igjen kan i større grad kan konsentrerer seg om produksjon av oselvarar. Det er to aspekt ved det som er viktig:

- Slik eg har forstått det har ikkje Oselvarverkstaden kapital til å sitje på eit lager av ferdigproduserte oselvarar. Dette er, etter mitt syn, ei av årsakene til at omsetnaden av nye oselvarar er låg. Det er ikkje råd å kjøpe oselvar på impuls. Dagens kjøpar av ein oselvar må vite kva han/ho vil, vera målretta og ha tolemot.

Gjennom marknadsføring, utstillingar og deltaking på messer og liknande vil talet på selde båtar auka om den potensielle brukaren kan sjå på ein båt og kjøpe den same dag.

- Ein slik måte å organisere salet av nye oselvarar på vil og kunne bidra til auka produksjon av nye båtar. Oselvarverkstaden kan få eit langsiktig perspektiv og ved det effektivisere drifta si retta inn mot tingingane frå ein fast kjøpar.
- Salet av brukte oselvarar kan og auke om det finnes ein aktiv og effektiv salskanal. Stiftinga skal ikkje presse nokon til å selje, men ved å auke forståinga av at båten må brukast, kan det bidra til auka forståing for sal ut av slekt og familiar om bruken vert for låg. Dette har vore og er ei utfordring, som er også er omtala i Oselvarboka.

Lager

Ein slik ide som dette krev noko lagringsplass. Dette kan både leigast og eigast, men det er for tidleg å ta stilling til. Det kan og hende at ein aktør kan bidra med eigna lokale til ein gunstig pris, som sitt bidrag til ei slik satsing. Eit slikt lager kan nyttast som lager for dei båtane som til kvar ei tid er i organisasjonen sin disposisjon, men og til oppbevaring av private båtar. Ein slik stad kan og innehalde eit utsalslokale, kontor, møtelokale og verkstad for pussing, klargjering og vedlikehald av båtar.

Meir om Oselvarverkstaden

Gjennom deltaking i ei slik heilskapleg satsing meiner og trur vi at også Oselvarverkstaden vil koma sterkare ut, på alle vis. Vårt ynskjer er å bidra til å styrkje Oselvarverkstaden sin økonomi, auke talet på nybygg og andre oppdrag og bidra til auka besøk og fokus på den viktige byggetradisjonen.

Kva rolle Oselvarverkstaden ynskjer å ta i utviklinga, etableringa og drifta av desse nye tiltaka er jo sjølvsagt opp til Oselvarverkstaden. Vi meiner at dette er ein vinn-vinn situasjon som vil løfte oss alle.

Meir om formidling og informasjon

God marknadsføring og formidling av oselvaren og bruken av denne må vera ein viktig del av satsinga. Det må skje på ulike vis retta inn mot definerte målgrupper og deira vaner for innhenting av informasjon. Det er difor viktig å lage og stadig fornye ein marknads- og formidlingsstrategi både for alle partar i dette samarbeidet.

Det skal vera ei oppleving å delta på tilboda til Aktiv med Oselvar. Målet er å skapa varige minner, varig kunnskap og varig interesse. Difor er fokus på kvalitativ formidling viktig.

Formidlinga av både historia og kunnskapen om bruken av oselvar skal ha høg kvalitet, nytte moderne formidlingsformer og kan vera nyskapande i form.

Ved hjelp av lyd, levande bilder og ord skal eit virtuelt møte med oselvaren vera som ei førestilling, som eit mulitmediashow og som ei god filmoppleveling. Moderne teknologi og formidling vert nytta til å skape varig aktivitet i ein viktig del av vår kystkultur.

Dette er også viktig for å gjera bruken av oselvar attraktiv. Formidlinga av kunnskapen skal ha så høg kvalitet at bruken av oselvaren vert ei oppleving allereie før båten er teken i bruk. Vidare må kvaliteten på undervisning og tilbod på sjøden også ha ein høg kvalitet, slik at formidlinga og opplevingane vert stor både til vanns og til lands.

Oselvaren som marknadsføringsobjekt av Vestland

Oselvaren er ein viktig del av den vestlandske identitet. Auka bruk og auka marknadsføring vil gjera oselvaren enda meir kjend og aktuell. Det vil styrkje denne identiteten. Det er og slik at oselvaren og bruken av den, kan nyttast av dei som ynskjer å marknadsføre Vestland og styrkje denne identiteten.

God marknadsføring og formidling av oselvaren og bruken av denne må vera ein viktig del av satsinga. Det må skje på ulike vis retta inn mot definerte målgrupper og deira vaner for innhenting av informasjon. Det er difor viktig å lage og stadig fornye ein marknads- og formidlingsstrategi både for alle partar i dette samarbeidet.

Dei vakre linjene, tradisjonen og statusen skulle gjera oselvaren til eit ynda marknadsføringsobjekt også for andre. Ei satsing som dette krev bidragsytarar og samarbeidspartar og det må jo vera ein vinn-vinn situasjon for alle om dei nyttar oselvaren som objekt i marknadsføringa av sin organisasjon.

Litt om organisering

Det er mange måtar å organisere slike tiltak på. Dette må vurderast nærare ved etablering og då av dei som bidreg til etableringa. Dette er og noko ein kan søkja råd om hjå fagekspertise på etablering av slike organisasjonsformer. Kven som bidreg med finansieringa av ei slik satsing vil nok og påverke valet av organisasjonsform.

Det er viktig at satsingane har handlingsrom og tillit slik at dei stendig kan utvikle tilbod og satsingar. Det er også viktig at organiseringa vert slik at det er råd å marknadsføre denne satsinga som ei eige satsing. Organisasjonsforma må og gjera det mogeleg å hente inn ekstern finansiering, då dette viktig med tanke på omfanget av satsinga.

Namn: Kjært barn har mange namn

Ved etableringa av ein organisasjon eller fleire organisasjonar som dette kan val av namn vera krevjande. Og namnet er verkeleg viktig. Namnet bør speila visjon, målsettingar og dei aktivitetane som skal stå i fokus. Namna som er nytta i denne prosjektskissa er å rekne som arbeidstitlar.

Det er viktig at så mange som råd får høve til å delta i prosessane kring namneval. Fleire hovud tenkjer oftast betre enn eitt. Det kan kome fram mange gode forslag, samstundes som det skapar og syner engasjement. Det er og viktig å opne for deltaking for allereie tidleg gje mange høve til å få eit eigarskap til satsinga og organisasjonen.

Om mange har synspunkt og ynskjer å kome med forslag er det svært positivt. Det syner engasjement og at mange bryr seg om vidare bruk av oselvaren og ynskjer å bidra til etablering av ein organisasjon som dette. Om naudsynt og om det er rom for det kan det og vera aktuelt å få profesjonell hjelp til val av namn.

I prosessen fram til no har det dukka opp ulike namn. Kanskje eit av desse er aktuelle. Dei speilar i alle fall ei prosjektutvikling, som er naturleg i starten av eit slikt arbeid. Desse er difor også å rekne som forslag, verken meir eller mindre:

Aktiv med oselvar

Nasjonalt senter for oselvarsigling

Stiftinga 100 år til, alltid

Oselvar No

Vestnorsk seilakademi

Litt om økonomi

Som for alle andre organisasjonar vil dei økonomiske rammene vera avgjerande både for etablering og for aktivitetsnivået det er råd å få til. Satsingane treng økonomiske støttespelarar for å etablerast.

Vi skreiv tidlegare:

«Vi trur også at oselvaren i seg sjølv, statusen som «Best Safeguarding Practices» og Noreg sin nasjonalbåt skapar eit økonomisk potensiale som gjer ei slik satsing realistisk.»

I vedtaket frå Unesco ligg det ei klår forventning om også ha fokus på omsetnad og ikkje minst aktivitet for å styrkje kunnskapen om bruken av båten. Vi meiner at det dette ligg ei binding til å bidra økonomisk når ei satsing som dette står på trappene, då frå søkjarane om statusane. Det vil i så fall både vera statleg, fylkeskommunal og kommunale føretak. Vi har difor sterk tru på at Norsk Kulturråd, Vestland Fylkeskommune og aktuelle kommunar vil i monaleg grad vil støtte opp om denne viktige satsinga. Noko anna vil etter vårt syn vera eit brot på dei forpliktingane ein aksepterte ved å støtte opp om ein søknad om Unesco til «Best Safeguarding Practices.»

Vi meiner og at næringsliv, stiftingar og organisasjonar kan ha stor interesse for å støtte opp om både oselvaren, Aktiv med Oselvar og «100 år ti, alltid.»

Det er også rom for å tenkje seg inntekter frå privatpersonar ved Crowdfunding, medlemskap og/ eller gåver.

Vi må også vente at inntekter frå tiltak og aktivitetar i eigen regi bidreg monaleg.

Samla skapar dette rom for ei profesjonell satsing med ein eller fleire tilsette i heil og deltidsstillingar. Særs viktig er det å sjå til ungdom som kan nytte denne arenaen til å få arbeidserfaring gjennom tidsavgrensa avtalar gjennom sommarhalvåret.

Når det gjeld ein organisasjon som skal stå for omsetnad av båtar etc. så vil det krevje noko eigenkapital. Ligeså vil det krevje både midlar til investering og drift om ein skal etablere lokale for ulike føremål.

Eg legg ikkje fram noko meir detaljert økonomiplan no, då dette må jobbast vidare med i løpet av våren 2022.



OSELVARKLUBBEN
Leder Finn Totland, Edv. Griegsvei 12, 5059 Bergen
Tlf. priv. 938 92 273
E-post: finntotland963@gmail.com

